

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Fylke: Nerdland.

Tilleggspørsmål nr.

Herad: Velfjord.

Emne: Transport av høy.

Bygdelag: Storbærjæx

Oppskr. av: Knut Strømpdal

Gard: Stroempdalxx

(adresse): Storbørja

G.nr. 13 Br.nr. 1x

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko etter eigen røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Har fleire andre heimelsmenn.

## SVAR

Namnet på heimelsmannen kjem etter kvar bølken, er ikkje anna nemnt er eg sjølv heimelsmann.

I Velfjord er det ingen stergardar og heller ingen husmannspladser. Det som gjer skildnaden på høytransporten er om det er hest på garden eller ikkje. Som regel er det dei minste brukar som ikkje har hest. Men det er også bruk med fire kyr som ikkje har hest, medan det er andre bruk med berre ei eller to kyr og hest.

Før i tida var det mykje brukt å slå i utmarka om somrane, men i dei seinare år har det minka mykje på med utmarksslått. Dette gjeld overalt i Velfjord. Folk tykjer ikkje det løner seg med dei arbeidsprisar no er. Ein kan stort sett segja, at utmarksslåtten har halde seg best på fjellgardar og avsidesligjande bruk, medan gardar som ligg meire sentralt til heilt har slutta med utmarksslått. Nokon skildnad på større eller mindre bruk er det ikkje. Det er serleg dei siste førti åra denne utviklinga har gått for seg.

Stort sett kan ein segja, at høytrans-  
porten går for seg på same måte på alle bruk.  
Det som til ein viss grad kan gjera skildnad er  
om dei har hest på bruket eller ikkje. Men av og

til kan lendet eller føre vera så at ein ikkje får ~~nykkixxkx~~  
nytta hest endå om ein har. Det vert då å nytta same  
framkomstmåten som om ein ikkje hadde hest.


På bruk dei ikkje har hest er det somtid  
dei leigar køyring, eller dei kan låna hest og køy=  
ra sjølve. Men oftast har dei lote frakta høyet  
heim på annan måte. Some stader kan tilhøva vera så  
at dei får frakta høyet heim med båt. Gardane Gran=  
ås og Børjeøyr har såleis utengslått ute i Fjorden  
dei kallar. Der slo dei før og førde høyet heim på  
båt. Dei i Granås turka som oftast høyet i utenget  
og førde høyet heim på båt om vinteren. Dei på Bør=  
jeøyr, allvisst med Johan Sivertsen var der, dei slo  
graset og hadde det i båten og førde det heim før dei  
turka det. Den mest nytta framgangsmåten er å turka  
høyet og føra det turt heim. Same framgangsmåten  
som her nemnt har eg vore nytta på fleire andre  
bruk i bygda. På Halsnes ved Sørfjorden, ein  
sidefjord til Velfjord, har <sup>dei</sup> brukta å slå eit eng  
på andre sida av fjorden. Dei turka høyet der og ha  
det i ei løa. Når så vinteren kem og fjorden la, så  
drog dei høyet heim på kjelke på blankisen. På an=bruk  
dre stader lyt dei anten draga eller bera høyet heim.  
I Kelbeinsfjell har dei ikkje hest. Der har dei laga  
seg ei handvogn dei dreg heim høyet på på somarføre.  
Men nokon eigentleg utmarksslått slår dei ikkje. I  
Strømpdal har dei slege oppe i Lomsdal nokre år.  
Dei drog høyet heim på skikjelke på vinterføre. I  
Langås har dei slege nord i Kjemman, sett høyet i  
stakk, og børe det heim på vinterføre. Mest brukta  
er det visstnok å draga høyet heim på kjelke der  
dei ikkje har hest eller lendet er såleis, at det  
ikkje går an å køyra, og det er det fleire stader.  
Men som alt nemnt, det har minka mykje på med ut=bruk  
marksslåtten, dei avlar meire heime eller har mindre med kyr.

Hesjing av høy kom først rett i bruk ikring siste hundradårskiftet. Før var det berre å slå og breia graset på vellen. Til vanleg er det same måten for transporten anten det er gras eller det er høy. Er det berre aldeles stutt ~~stutt~~ stykke vert det bere i fange eller i rive. Litt lengere stykke kan høy eller gras verta bere i kjemmer. Kjemmene vert bere anten på aksla eller under armen. Ved lassrekning vart dette kjemmer rekna for eit hestelass. Men var vegen for lang til det, så vart det køyrd om det var høve til det. Elles var det ymse måtar å frakte høy eller gras fram på. Det kunde berast i taug eller svæk ( spraute ) eller det vart bere i taugsekker. Berestenger var eg nyttar. Eller høyet kunde verta drege på handvegn eller på annan måte. Til spraute eller svæk fann dei seg ei lang mjuk sveie med kluft på toppenden så det vart te toppar, desse vart bunde saman. Så fann dei seg ei mindre sveie med ei kluft i mest heile lengda, den vart bunde til toppen av den fyre sveia. Når ein skulde ~~xxxx~~ bera stakk ein rotenden av den fyrste sveia inn i den lykja ein hadde laga og snørde til. Når ein sku bere i taug eller svæk vart høyet kjemma og fleire kjemmer lagt ~~ovanpå~~ kvarandre i berebandet. Tre eller fire slike byrder vart rekna jamgåd med eit hestelass. Når ein bar i taug kunde ein lage fatler og bere byrda på ryggen. Med svæk la ein anden svækskaftet over aksla eller over hovudet. Når ein skulde reise seg opp med høybøra var det vanleg at ein hjelpesmann stod attem og velta på. Det var helst mannfelk som bar, kvinnene var med og raka og ~~fjelde~~ ofte karane på med byrdene.. Høysekker kunde og verta bruks for å få fram høy. Dei var bunde som ei net

helst av hampesnøre. Om somaren vart helst høyekkane brukte der lendet var så bratt att høyekkane vart trilla nedover. Slike høyekker var elles meire i bruk om vinteren, då ein kunde ha høyet i dei anten ein så gjørde, dreg eller bar høyet heim. Når dei hadde høyet i taugsekkane var det best å vera te ilag, dei eine hadde høyet opp i sekken og den andre stod opp i sekken og trødde høyet jamnt ned. Dei kalla det å stappe høy i taugsekken. Løypestreng veit eg ikkje om har vere i bruk, anna enn til å frakte fram ved på. Trillebør veit eg heller ikkje har vere nytt til transport av høy. Men sem alt nemnt har handvegn vere i bruk der dei ikkje hadde hest. Båre til å bera høy og gras på har vere i bruk. Båra er lagga av to bårstenger med to taugbinningar imillem istaden fer tvertre. Bårstengene er tiløksa i endene så dei skal ligja gott i hendene.

Berre vaksne pla bera høy i båre. I bratt lende kunde ein og dra høy på sveier. Ein la då høveleg store sveier på marka med gjøyretaug under. La så høy opp på dei la nokre litt mindre sveier oppå og gjørde til med gjøyretauga. Var det gott land og høveleg undanfuring kunde ein på den måten få med nekså store lass. Som oftast var det to mann, ein på kvar side av lasset, som dreg fram slike lass.

Nokre sna (mindre vellukka rids)




Taugsekke.



Språnde



Høybåre.



Handvogn sett fra siden.

5

Handvegna var arbeid med te hjul og te skjeker.

Det var ein bøy opp på skjekene framanfer den eiga gentlege vegna. Og fremst på skjekene var det ein taug=strepp som ein stakk handa inn i når ein skulde dra. Når ein bar høy eller gras i taug la ein dette dub=belt på marka såleis at bukta snudde til ein kant endane til ein annan. Ein kunde så gjera som ein vilde anten gjøyre så passe til eg bera byrda med tauget som fatlar eller berre smetta endane av tauget inn i bukta, draga til og legja taugendane over aksla og bere etter dei. I brattlende har det visst eg før i tida vore nytta eit reidskap med berre te staker til å draga fram høy på. Men eg har mindre kjenskap til kerleis det var laga. Det var visst ein bøy på stakane og høyet vart lagt lengst att på stakane, truleg var det eit tverband imillem dei for å halda dei på plass og for at høyet skulde ligja betre på.

Høysekker kunde some stader vera nekså mykje i bruk. Når ein skulde laga ein høysekk laga ein først til ein rund ring og så vart sekken bunde som ei not eller som eit garn. Some batt høysekkene berre som eit flak. Dei var letteste å stappe høy i då. Når ein så skulde gjøyre ein slik sekk ihop, så hadde ein eit gjøyrebond bunde fast til si av maskene i sekken, smøygde så dette bandet inn i alle maskene yts på sekken og gjøyrde til. Var sekken bunden ster kunde ein få nekså mykje høy i ein slik sekk. Andre batt høysekken i ferm som ein annan sekk, det var litt meire arbeid for å stappe i ein slik sekk, men han var lettare å gjøyra ihop.

Gjøyrebond kallast her gjøleband eg byrda heiter båla, både med tjukk l. Gamalt har eg høyrt dei bruka høymeis for å bera høy i. Høymeisa var

noko lengre enn ei vanleg meis og meire rett, elles var ho laga som ei vanleg meis. Fatlane var gjort fast på lag mitt på meisa. Nest var meiskiken <sup>ø</sup>gg meiskrek= bandet fastsett, oppe var gjølebandet.

## 3.

Det var lendet og tida sem avgjorde når høyet skulde køyrast heim. I Lemsdal t.d. slo dei meire i utenga enn på heimemarka. Dei hadde høylaer i mest alle utenga. Og då slåtten var travlaste tida, så hadde dei først høyet i ~~km~~ høylaer og køyrde det sidan heim, og då helst på vinterføre før det var lettaste føret då når ein passa på å køyra når føret vargett. På Sterholmen og likeins i Sterenget var det ofte at ikkje alt høyet lå i ~~høylaer~~, og då vart det høyet køyrt heim på sumarføre. Andre stader var vegen slik at det ikkje var køyrande på sumarføre. Såleis fra Nerholmen, Bjørnholmen, Buneset, Lessenget og Sæterlia, og der vart høyet hatt i laene og køyrt heim når det vart føre til det om vinteren. I Grunnvasshelmane der det ikkje vart slege anna enn med års milemrem, der vart høyet sett i stakk og køyrt heim på vinterføre. (Eliseus Lemsdal) Ø

Og som det var i Lemsdal var det mykjegett annstas på gardane i bygda.

I Fagerli slo dei i Bjørnlia, dei turka høet der og neko tek dei med heim under slåtten, men mest sette dei i stakk og førde heim om vintern. Dei laut føre høyet heim på båt derifrå før køyrande var det ikkje. At dei ikkje hadde alt høet heim strakst var at dei ikkje hadde tid til det, det var em å gjera å få høet slege og turt snarast råd var. (Lars Fagerli).

Gamalt var det visst berre sleden som var nytta til høytransport ~~xx~~ med hest. Sidan kom hjulsleden og høyvegna og i bruk. Men på dei fleste brukar er det endå sleden som er einaste køyredeningen.

Oftast er det vel berre ein slede på bruket og denne vert nytta til all førekommende køyring. Men der dei berre vinn få seg til så mykje reiskap, der har dei ein eigen høyslede. Ein vanleg slede er pålag ein 2, lang og 0, m brei. Meiene er av bjørk. Fremst er framtree og så kjem tre tvertre. Under kvart tvertre er det eit fjettre på kvar ende og desse ligg på meiane og vert halde på plass av stallbanda sem går frå hel i ytterremmene og ned i bera hel i meiane. Hela i ytterremmene åg i meiane før stallbanda vert bera med stallbannsnavaren. Stallbanda er av grankvist. Det vil segja dei var det før i tida, i seinare tid har dei teke til å brukar skruvnaglar av jarn istaden før stallband. Millem dei to ytterremmene ligg det tre mittremmar. På vintersleden er det ein veimei på kvar sida av sleden. Vintersleden har skening under, drag som dei kallar, av stål eller jarm. Høysleden til sumarbruk skulde ikkje ha skening, han glei best på ber mark utan skening sa felk. Vintersleden skulde vera litt lengre enn sumarsleden. Hjulsleden var som ein annan slede med meier under. Men han hadde to hjul atte. Desse var sette såleis, at meiane tek marka framme. Av høyvegner har det vore to typer i bruk. Ei med to hjul og ei anna med fire hjul. Mest vanleg er den med fire hjul. Det er vanleg at høyvegna ikkje er den vanlege arbeidskjerra. Hjulsleder er ne så å segja ikkje i bruk ne, høyvegna er kemen istaden.

På høyvegna er det vanleg det er skrinnar som held høyet på plass. Når ein lesser står ein mann opp i skrinna og trakkar hart eg dei andre som er med kastar høy oppi vegna. Før brukte dei berre rivene, no er høygafelen kome i bruk.

Når dei gamalt køyrd med slede, så hadde dei til vanleg raka eg kjemma høyet i fyrevegen og sett dette i lass. Otte kjemmer i lasset var fast takst.

Kjemmene skulde vera så store, at te kjemmer var passeleg byrd til ein vaksen mann. Fire høybåler er jamged med eit lass, sa folk. Båler vil segja byrder. At det skulde vera neken skildnad på sisste lasset har eg ikkje hørt om. Men ein skulde ikkje vera alt fer knipen med oppatt rakinga likevel, før det som vart att skulde dei underjerdiske ha, eg det var best desse fekk sitt vilde ein ha lukke med fjøsstellet.

På høysleden festes høyet med høytenga og gjøyrereipa. Når ein lesste fekk ein te kjemmer til å ligja etter kvarandre på sleden. Når ein så som vanleg skulde ha ette kjemmer i lasset, så vart ~~xxx~~ det fire kjemmer evanpå einannan i høgda. Når ein så hadde hest lasset la ein høytenga oppå lasset. Det var te slaks høytenger. Den eine var berre ein staur som var tiløksa til bruket. Den var pålag så lang som lasset skulde vera. Så var det hegd inni eit hakk framme se ikkje tengbandet skulde gli. Atte på høytenga var det sett inn te naglar ein 15 cm. lange pålg. På høysleden var tengbandet gjort fast framme. Tengbandet var fest i sleden med begge endane, ein ende på kvar side av sleden. Når ein leste vart bukta tulla om høytenga. Etterst på høysleden var gjølereipet (gjøyrebandet) fastsett. På eine

9

enden av dette var fastgjert ein ~~xxix~~ reipkrek. Når ein så skulde gjøyre lasset så la ein reipet over høytenga og tek det ned i kreken tek det så opp og imillem dei te naglane i høytenga, førstegengen la ein reipet framem dei te naglane. Så dreg ein på og trekte til det ein vann eg gjorde fast reipet på ein av dei te naglane på høytenga. Det vart elles nytta ein annan slaks høytenger eg. Denne var arbeid av te smale berd med ~~xxxi~~ tvertre framme og atte. Truleg er denne slaks høytenger av nyare opphav. Gamalt var det visst mest reip laga av ler som var det vanlege til gjøyrebånd. Som eftast var det hau-tennene av nautkrøter som vart flådd i belg eg skore opp til reip. Sidan kom hampeteget i bruk. Vinterlassa var til vanleg større enn sumarlassa. Var vegen god kunde ein køyre te sumarlass i eit vinterlass. Eit eg eit halvt sumarlass i eit vinterlass var det vanlege. Berre ein hest vart brukt før høysledem både sumardag som vinterstid.

### 5.

Fellesslått er skjeldsynt ne. Før vart visst høyet delt anten lassvis når dei køyrede , eller i bører om sumaren med same høyet var slege. Lars Fagerli sle i Børja på halvpart. Han bar inn høyet i bører like mange i te partar. Då slåtten var gjort trekte dei ledd om kven som skulde ha dei ymse parter. ( Lars Fagerli.)

Neko viss tid før å køyre høyet heim var det visst ikkje , det vart köyrd heim så snart ver og føre tillet det. Gamalt skulde det gjerast på føre=julsvinteren, fer etter nyttår før dei fleste kar=felk til Lefeten på fiske. Det var vanleg at alle køyrde på same tid når dei hadde den same vegen å köyra, eg så brytte dei etter tur i brøytetføre.

Var vegen lang dit høyet var, så laut ein  
tidleg opp om mørgenen. Køyrekaren var gjerne opp  
alt i femtida og gav hesten mat. Hesten laut få eta  
ein to til tre timar før ein tek ut på tur. Og det  
varde ikkje så lenge før neken av kvinnfelka kom  
opp og tek til å gjera opp i emnen og koka kaffe.  
Var det første gengen og vegen skulde takast opp,  
laut det ofte vera neken ilag med køyrekaren på  
ferda før å meka veg. Var det så at fleire hadde på  
lag same veg å fara, så hadde dei i førevegen sam=  
snakka seg om tida før ferda, så alle var reide til ~~sxxxkixx~~  
same tid. Kemen dit høyet var var det å lessa på  
sleden. Sømtid stappa ein i høysekker og leste dei ~~x~~  
på sleden. Men ein kunde eg lessa høyet beinast på  
sleden legja sveier på siden og oppå og gøyra til  
med reipa. Var vegen attføke eller nedsnysa var det  
om å gjera å ha ein hest som greidde å taka vegen.  
Fer ein hest som er god til å taka vegen han er  
mykje betre til det enn den beste kar. Når <sup>ein</sup> så var  
kemen heim om kvelden med høylasset, så var det å  
lessa av sleden fer å ha alt i erden til dagen  
etter. Allvisst måtte ein løysa reipa, fer hesten  
fekk ikkje kvila tek ein ikkje gøyringa av lasset  
hadde felk å segja.

NORSK ETNOLIGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

749

BYGDØY